

Merknader til planarbeidet: **Mindre endring av reguleringsplan for Åmot næringsområde - utviding av industritomt - I14, Åmot – Høyving**

Dykkar saksnr: **2025/1655-25**

Merknaden gjelder for **17/1 i Vinje**. Berge gard i området ved Brubakk

Innleiande info

Eigendomen min i Brubakk har ei god plassering ved kommunesenteret Åmot og har dermed eit stort framtidig potensial. Eg ser at dette området kan bidra med god eksponering mot Åmot sentrum, for sal av gardsprodukt med meir. Eg og driv gard med kjøttproduksjon, ved og liknande. Dette området kan dermed styrke gardens livsgrunnlag og vera ei god framtidig inntekt for denne.

Til orientering; Har eg fått godkjent eit reiskapshusbygg i området. Eg har starta med skogrydding på tomtarealet og med plan om tomtarbeid i 2026.

Generelt er eg ikkje negativ til føreslåtte endringar av reguleringsplan og omtala tiltak.

Men eg har fyljande merknadar/krav.

Verdivurdering

Arealet mitt som inngår i desse planane, skal verdivurderast med same m2 pris, som dei andre næringsareala som inngår i planen. Gjelder både sider av fv38, som vist på kart Figur 3.

Avkøyring

Tilkomsten til mitt område på vestsida av fv38, skal oppgraderast og rustast opp jf. Staten vegvesen sin krav til slike avkøyringar. Dette skal takast med og kostast av omtalt utbyggar.

Overskotsmasser

«gode» overskotsmasser frå omtalt tiltaket leverast mi tomt for reiskapshus i Brubakk. Treng og masser og stein for eventuelt flaumsikring av dette området.

Eg vonar på ein god og konstruktiv dialog i den vidare prosessen, for å finne gode løysingar på utfordringane nemnt over.

Med venleg helsing

Stig Ronny Tveiten